

SAK 17/16 SØKNAD OM MIDLAR TIL OPPSTART AV LANDSDELSCENE FOR DANS PÅ ÅL

Saksopplysing

Syner til vedlagt søknad frå Ål kommune dat. 18.5.2016, der det blir søkt om kr. 560.000 i støtte til drift/prosjektleiing av Landsdelsscene for dans på Ål, fordelt over to år.

Saka om etablering av ei Landsdelsscene for dans lokalisert på Ål kulturhus skal opp til handsaming i Ål kommunestyre for endeleg vedtak 16. juni 2016. Det er per d.d. løyvd 13,2 mill. over statsbudsjettet, 12 mill. frå Buskerud fylkeskommune og 1,5 mill. frå private til investeringa. Ål kommune må løyve 19 mill. kr. dersom prosjektet skal bli realisert.

Landsdelsscena skal vere eit kraftsenter for dans i regionen og har som mål å:

1. Etablere naudsynte fasilitetar i ein ny arena som skal bli eit sentralt samlingspunkt for ulike dansemiljø i Norge
2. Ta ei sentral rolle i produksjon og formidling av dans, med særleg vekt på folkedans.

Det er inngått intensjonsavtaler med ei rekke aktuelle samarbeidspartnarar: Riksscenen, Frikar, Ole Bull Akademiet, Norsk Senter for folkemusikk og folkedans, Folkemusikkveka, Folkemusikkcenteret i Buskerud, Martin Myhr og Leveld kunstnartun. Kulturskulane i Hallingdal vil også vere naturlege samarbeidspartnarar i prosjekt der både amatørar og profesjonelle er med. Landsdelsscena vil kunne tilby dansekompani gode lokale for preproduksjonar, noko som inneber at dansarane bur på staden over ei periode for å lage og øve inn nye produksjonar.

I framlegget til driftsbudsjett er det budsjettet med kr. 700.000 i året for ei stilling som prosjektleiar. Ei slik stilling må vere på plass i god tid før sjølve bygget er ferdigstilt. Sentrale oppgåver for prosjektlearen vil m.a. vere å planleggje innhald og aktivitet i landsdelsscena, gjennomføre prosjekt, initiere samarbeid og drive nettverksbygging og profilering. Det blir søkt om støtte til delfinansiering denne stillinga i ein oppstartfase.

Dersom Landsdelsscene for dans på Ål blir realisert, vil det bli også bli søkt midlar til drift/prosjektleiing frå Kulturrådet si støtteordning for «Regionale kompetansesentra for dans». Det kan søkjast om slike utviklingsmidlar i ein oppstartfase på inntil tre år. Deretter vil ein søkje om fast, statleg driftstilskot frå Kulturrådet (tidlegare post 74 på statsbudsjettet).

Vurdering

Prosjektet «Landsdelsscene for dans» er utan tvil eit stort spenstig og spennande prosjekt for Ål, som og vil gje positive ringverknader for heile regionen. Hallingdal har eit rikt og variert kulturliv som i liten grad kjenner kommunegrensene og som er eit viktig element for trivsel og busetting. For Hallingdal som den største reiselivsregionen i landet har sjølv sagt eit rikt kulturliv svært mykje å seie, både direkte og indirekte. Ål kulturhus er ein viktig aktør i dette biletet, på

mange måtar eit veksthus som heile regionen har nytte av. Kanskje på tide å døype det om til Hallingdal kulturhus?

Nasjonalt er det satsing på samspel mellom kultur og næring og målsetting om auka verdiskapning og profesjonalisering for kulturnæringa. Og det er eit mål om tettare samarbeid og bedre synergieffekter mellom reiseliv og kultur. Tilskot frå stat og fylkeskommune syner og at dette er eit prioritert område.

Etter dagleg leiar sitt syn har Ål kulturhus ein regional funksjon som grunnlag for støtte. Å gje støtte til prosjektleiing for landsdelscena i ein oppstartsperiode vil kunne vera eit regionalt bidrag både i form av peng og synleggjering av ein viktig regional funksjon.

Når det gjeld eventuell bruk av midlar vil dagleg leiar foreslå at midlar som vart løyvd til vidareføring regional kulturkoordinator (Regionrådet [sak 27/15](#), fylkesutvalet sak 08/329) blir omdisponert til støtte prosjektleiing for landsdelscena. Stillinga som kulturkoordinator blir ikkje vidareført etter at Sigurd Rotvik Tunestveit gjekk over i ein annan jobb, og kommunane i Hallingdal (unntake Hemsedal) har ikkje har løyvd sin del for vidare finansiering av prosjektet.

Kulturforum i Hallingdal (kulturleiarane i hallingdalskommunane) støttar ei eventuell omdisponering av dei løyvde midlane. I møte 03.05.16 var kulturkoordinatorstillinga eit av punkta på saklista, og i møtereferatet står det som følgjer:

«Hemsedal kommune støttar opp om Kulturkoordinatorprosjektet og løyver kr 51.000 pr år, 2016 og 2017, til vidareføring av prosjektet. Vedtaket vert gjeve med føresetnad om at dei andre Hallingdalskommunane også bidreg med sin del. Dei andre kommunane har ikkje løyvd pengar til prosjektet. Dette gjer at tilskot frå Hemsedal heller ikkje vert utløyst. Buskerud fylke har løyvd tilskot til vidareføring i to år. Kulturforum gjev Ål kommune løyve til å disponere fylkeskommunale midlar til andre prosjekt (eks Lansdelscene) om fylket går med på å omprioritere tilskotet.»

Sjølv om Kulturforum ikkje kan gje nokon løyve er det eit positivt signal om eventuell omdisponering.


Forslag til vedtak

1. Regionrådet for Hallingdal rår til at det blir løyvd kr. 560.000 til støtte til prosjektleiing av Landsdelscene for dans på Ål, fordelt over to år.
2. Regionrådet for Hallingdal rår til at midlane som var løyvd til vidareføring av prosjektet Regional kulturkoordinator for Hallingdal bli omdisponert til støtte til prosjektleiing av Landsdelscene for dans på Ål.

Ål 20.5.2016

Knut Arne Gurigard
Dagleg leiar

Vedlegg 1: Søknad frå Ål kommune, dat.18.5.2016



Ål kommune

Regionrådet for Hallingdal
Torpomoen
3579 TORPO

Dykkar ref. Vår ref. Dato
15/02026-28 18.05.2016

Søknad om regionale utviklingsmidlar til oppstart av Landsdelsscene for dans på Ål

Saka om etablering av ei Landsdelsscene for dans lokalisert på Ål kulturhus skal opp att i Ål kommunestyre for endeleg vedtak 16. juni 2016. Det er per d.d. løyvd 13,2 mill. kr over statsbudsjettet, 12 mill. kr frå fylket og 1,5 mill. frå private til investeringa. Ål kommune må løye 19 mill. kr dersom prosjektet skal bli realisert.

Byggeplanane er endra i den nye saka, men innhaldet i prosjektet Landsdelsscene for dans er det same. Landsdelsscena skal vere eit kraftsenter for dans i regionen og har som mål å:

1. etablere naudsynte fasilitetar i ein ny arena som skal bli eit sentralt samlingspunkt for ulike dansemiljø i Noreg
2. ta ei sentral rolle i produksjon og formidling av dans, med særleg vekt på folkedans.

Det er inngått intensjonsavtaler med ei rekke aktuelle samarbeidspartnarar: Riksscenen, Frikar, Ole Bull Akademiet, Norsk Senter for folkemusikk og folkedans, Folkemusikkveka, Folkemusikkcenteret i Buskerud, Martin Myhr og Leveld kunstnartun. Kulturskulane i Hallingdal vil også vere naturlege samarbeidspartnarar i prosjekt der både amatørar og profesjonelle er med.

Landsdelsscena vil kunne tilby dansekompani gode lokale for preproduksjonar, noko som inneber at dansarane bur på staden over ei periode for å lage og øve inn nye produksjonar. Det er i dag stor mangel på slike fasilitetar i hovudstadsområdet. I tillegg til dei kulturelle ringverknadane, vil ei landsdelsscene for dans dermed også kunne gi gjestedøgn og positive effektar for næringslivet i regionen.

I saka om Landsdelsscene for dans har Ål kommunestyre ynskt å få større klarheit rundt driftskostnadane. I framlegget til driftsbudsjett frå administrasjonen er det budsjettert med 700.000 kr i året for ei stilling som prosjekteiar. Ei slik stilling må vere på plass i god tid før sjølve bygget er ferdigstilt. Sentrale oppgåver for prosjekteieren vil m.a. vere å planlegge

innhald og aktivitet i landsdelscena, søkje om prosjektstøtte, gjennomføre prosjekt, initiere samarbeid og drive nettverksbygging og profilering.

Dersom fylkeskommunen kan bidra med å delfinansiere ei slik stilling i ein oppstartsfase, vil dette styrke landsdelscene-prosjektet. **Me søker difor Hallingdal Regionråd/ Buskerud fylkeskommune om 560.000 kr i støtte til drift/prosjektleiing av Landsdelscene for dans på Ål, fordelt over to år.**

Løyvinga kan eventuelt gjerast gjennom ei omdisponering av midlane som er avsett for 2016/2017 til ei kulturkoordinatorstilling i Hallingdal (jfr. PS 70/15, sak 08/329 *Tildeling av regionale utviklingsmidler til Hallingdal*, behandla i Fylkesutvalet 09.06.15). Denne stillinga vil ikkje bli vidareført etter at kulturkoordinator Sigurd Rotvik Tunestveit gjekk over i ein annan jobb, og kommunane i Hallingdal (unnateke Hemsedal) ikkje har løyvd sin del for vidare finansiering av prosjektet. Kulturforum i Hallingdal (kulturleiarane i hallingdalskommunane) støttar ei eventuell omdisponering av dei løyvde midlane. I møte 03.05.16 var kulturkoordinatorstillinga eit av punkta på saklista, og i møtereferatet står det som følgjer:

Hemsedal kommune støttar opp om Kulturkoordinatorprosjektet og løyver kr 51.000 pr år, 2016 og 2017, til vidareføring av prosjektet. Vedtaket vert gjeve med føresetnad om at dei andre Hallingdalskommunane også bidreg med sin del.

Dei andre kommunane har ikkje løyvd pengar til prosjektet. Dette gjer at tilskot frå Hemsedal heller ikkje vert utløyst. Buskerud fylke har løyvd tilskot til vidareføring i to år.

Kulturforum gjev Ål kommune løyve til å disponere fylkeskommunale midlar til andre prosjekt (eks Lansdelscene) om fylket går med på å omprioritere tilskotet.

Dersom Lansdelscene for dans på Ål blir realisert, vil det bli også bli søkt midlar til drift/prosjektleiing frå Kulturrådet si støtteordning for «Regionale kompetansesentra for dans». Det kan søkjast om slike utviklingsmidlar i ein oppstartsfase på inntil tre år. Deretter vil ein søkje om fast, statleg driftstilskot frå Kulturrådet (tidlegare post 74 på statsbudsjettet).

Med helsing

Tone Tveito Eidnes
Rådmann

Anne Kaslegard
Fung. kultursjef

Godkjent og ekspedert utan underskrift